

Røde Kors

Att: Anne D. Nilsen
Postboks 1 Grønland
0133 OSLO

Side: 1
Totalt antall sider: 5

04 Røde Kors Ungdom

Kontakt:
Kundesenter
Tlf: +47 23 00 25 48
Fax: +47 23 00 25 01
kundesenter.no@cision.com

Møre-Nytt

Dato/nr: 17.03.2009
Redaktør: Erik Bergmann
Telefon: 70 04 19 00
Kilde type: Aviser
Emne: MBL kilder (digital)
Utgiversted: Ørsta
Fylke: Møre og Romsdal
Frekvens: 3/uke
Opplag: 5.526
Lesere: 15.200
Artikkelareal: 654 cm²
Side: 24



Høgdepunkt i kvardagen for born på asylmottaket

3196

258626548

WEBM



Annankvar søndag har Volda Røde Kors Ungdom aktivitet med barn og unge på det lokale asylmottaket i Volda. Til no har dei blant anna vore på kino, feira jul med besøk av julenissen, måla, leika, lært dansar frå forskjellige kulturar og sist, men ikkje minst, vore på skisenteret.

Ventetida på eit asylmottak kan ta veldig lang tid og er som oftast keisam, spesielt for borna. Og då er det viktig å få tankane på andre ting enn det ein har flykta frå. Nettopp difor har Røde Kors Ungdom ein hovudaktivitet som fokuserer på dette.

Fysisk aktivitet

Når ein ikkje kjenner nokon i lokalsamfunnet og ikkje kan språket, er det lett for at ein vert sitjande på mottaket heile dagen og ikkje får den fysiske aktiviteten ein treng. Mottaket gjer ein god jobb med felles aktivitetar, men dette er ikkje

nok. Difor oppfordrar Røde Kors Ungdom andre lag og organisasjonar til å tilretteleggje og opne for dei busette asylsøkjjarane.

Tenkjer for mykje på oss sjølve

– Eg er sjølv veldig overraska over folk sine negative reaksjonar, spesielt før mottaket kom. Eg har høyrd fleire påstandar om at kriminaliteten i Volda vil auke, foreldre som er redde for å sende ungane sine ut åleine og så vidare, seier Espen André Breivik, leiar i Volda Røde Kors Ungdom.

Han fortel også at han sjeldan har møtt nordmenn som er like vennlege og takksame som dei asylsøkjjarane han har vorte kjend med.

– Vi tenkjer altfor mykje på oss sjølv. Vi må ikkje gløyme at desse menneskene har flykta frå krigar og konflikter og kan ha opplevd forferdelege ting.

Eit høgdepunkt i kvardagen

– Det er like moro kvar gong å hente ungane til Volda Røde Kors sine

lokale eller andre stader. Vi skjønner godt at dette er eit høgdepunkt for dei når dei kjem springande mot oss med eit stort smil og foreldra ikkje kan takke oss nok, seier Ingvild Velsvik, ein av dei frivillige.

På ski for første gong

– Da vi tok dei med på skisenteret fekk dei prøve både akebrett, ski og sitje på med hjelpekorpsset sin snøskuter. Dette likte dei godt, og dei var overraskande flinke på ski, mykje flinkare enn det eg var første gongen. Så om det berre er nordmenn som er «fødde med ski på beina» kan diskutera, seier Espen.

Bli med!

Volda Røde Kors Ungdom har mellom 20 og 30 aktive, men oppfordrar også fleire mellom 13 og 30 år til å bli med og gjere verda til ein betre stad å vere, som aktiv eller støttande medlem i organisasjonen, oppmodar Espen. – Då får ein oppleve mykje som vi garanterer kjennest positivt i framtida.

VRKU



Røde Kors

Att: Anne D. Nilsen
Postboks 1 Grønland
0133 OSLO

Side: 2

Totalt antall sider: 5

04 Røde Kors Ungdom



Kontakt:
Kundesenter
Tlf: +47 23 00 25 48
Fax: +47 23 00 25 01
kundesenter.no@cision.com

Møre-Nytt

Dato/nr: 17.03.2009
Redaktør: Erik Bergmann
Telefon: 70 04 19 00
Kilde type: Aviser
Emne: MBL kilder (digital)
Utgiversted: Ørsta
Fylke: Møre og Romsdal
Frekvens: 3/uke
Opplag: 5.526
Lesere: 15.200
Artikkelareal: 654 cm²
Side: 24



3196

258626548

WEBM



På ski for første gong på Volda skisenter. Eli Gjørvad Bjørkedal hjelper nokre av borna frå mottaket på ski.



Røde Kors

Att: Anne D. Nilsen
Postboks 1 Grønland
0133 OSLO

Side: 3

Totalt antall sider: 5

04 Røde Kors Ungdom



Kontakt:
Kundesenter
Tlf: +47 23 00 25 48
Fax: +47 23 00 25 01
kundesenter.no@cision.com

Møre-Nytt

Dato/nr: 17.03.2009
Redaktør: Erik Bergmann
Telefon: 70 04 19 00
Kilde type: Aviser
Emne: MBL kilder (digital)
Utgiversted: Ørsta
Fylke: Møre og Romsdal
Frekvens: 3/uke
Opplag: 5.526
Lesere: 15.200
Artikkelareal: 654 cm²
Side: 24



3196

258626548

WEBM



F.v.: Espen André Breivik, Ingvild Velsvik og Guro Velsvik er frivillige i Røde Kors Ungdom.



Røde Kors

Att: Anne D. Nilsen
Postboks 1 Grønland
0133 OSLO

Side: 4

Totalt antall sider: 5

04 Røde Kors Ungdom



Kontakt:
Kundesenter
Tlf: +47 23 00 25 48
Fax: +47 23 00 25 01
kundesenter.no@cision.com

Møre-Nytt

Dato/nr: 17.03.2009
Redaktør: Erik Bergmann
Telefon: 70 04 19 00
Kilde type: Aviser
Emne: MBL kilder (digital)
Utgiversted: Ørsta
Fylke: Møre og Romsdal
Frekvens: 3/uke
Opplag: 5.526
Lesere: 15.200
Artikkelareal: 654 cm²
Side: 24



3196

258626548

WEBM



Å hoppe tau på Røde Kors-huset er ein av dei mange leikane som vert arrangerte.



Røde Kors

Att: Anne D. Nilsen
Postboks 1 Grønland
0133 OSLO

Side: 5

Totalt antall sider: 5

04 Røde Kors Ungdom



Kontakt:
Kundesenter
Tlf: +47 23 00 25 48
Fax: +47 23 00 25 01
kundesenter.no@cision.com

Møre-Nytt

Dato/nr: 17.03.2009
Redaktør: Erik Bergmann
Telefon: 70 04 19 00
Kilde type: Aviser
Emne: MBL kilder (digital)
Utgiversted: Ørsta
Fylke: Møre og Romsdal
Frekvens: 3/uke
Opplag: 5.526
Lesere: 15.200
Artikkelareal: 654 cm²
Side: 24



3196

258626548

WEBM



I romjula arrangerte Røde Kors Ungdom ein julefest for store og små på mottaket.

